

## Saksprotokoll 28.05.2020 - fylkesutvalet

### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### Innstilling til fylkestinget

1. Vestland fylkeskommune er uroa for konsekvensane av pandemien for kultur, idrett og frivilligheit i Vestland fylke og vil ta medansvar for å dempe verknadane for dei regionale aktørane. Fylkeskommunen sine tiltak, økonomiske eller andre, bør komplementere statlege, kommunale og private ordningar.
2. Vestland fylkeskommune vidarefører gjeldande ordningar for driftsstøtte og prosjekttilskot og vurderer søknadene i høve den til ei kvar tid aktuelle situasjonen.
3. Vestland fylkeskommune legg til grunn at mottakarar av driftsstøtte opprettheld aktivitet etter verksemda sitt føremål innanfor dei rammer som helsestyresmaktene gjer gjeldande.
4. Ved handsaming av prosjekttilskot skal ein prioritere tiltak som er tilpassa pandemisituasjonen, og tiltak som kan setjast raskt i verk når utbrotet er over.
5. I samband med sak om avsetjing av årsoppgjer for 2019 ber fylkestinget fylkesrådmannen sterkt vurdere økonomisk støtte grunna ekstraordinære driftsutgifter og kompensasjon for dokumenterte tap for regionale kultur- og idrettsaktørar i samband med nedstenginga. Fylkestinget delegerer forvaltinga av ordninga til hovudutval for kultur, idrett og integrering.
6. I samband med sak om avsetjing av årsoppgjer for 2019 ber fylkestinget fylkesrådmannen vurdere økonomisk støtte for å:
  - Stimulere til utprøving og gjennomføring av nyskapande aktivitet innan idrett og friluftsliv. Nyskapande aktivitet og formidling innan kunst og kultur kan også vurderast i denne samanheng, men her vil KUP-midlane også nyttast.
  - Bidra til gjennomføring av tiltak som skal bidra til at frivilligheita kjem attende til aktivitet etter koronapandemien.Fylkestinget delegerer forvaltinga av ordninga til hovudutval for kultur, idrett og integrering.
7. Vestland fylkeskommune ber om at staten løyver ekstraordinære midlar tilpassa dei aktuelle utfordringane på kultur-, idrett og inkluderingsfeltet i Vestland og at fylkeskommunen får ansvaret for forvaltinga av desse.
8. Fylkestinget i Vestland er sterkt uroa for den kritiske økonomiske situasjonen for Norges nest største kunstmuseum, KODE. Fylkestinget vil på det sterkaste oppmode regjeringa og Kulturdepartementet om å medverke økonomisk til å sikre vidare drift av KODE.